



INTERNASJONAL KVINNELIGA FÖR
FRED & FRIHET
DEN NORSKE SEKSJONEN AV WOMEN'S INTERNATIONAL LEAGUE FOR PEACE & FREEDOM

IKFF
Majorstuveien 39
0367 OSLO
ikff@ikff.no

28.april 24

Til Stortingets utenriks og forsvarskomite

Norge må slutta seg til FN-traktaten som forbyr atomvåpen

Landsmøtefråsegn frå Internasjonal kvinneliga for fred og frihet, IKFF

ICAN (den internasjonale kampanjen for å avskaffa atomvåpen) fekk i 2017 Nobels Fredspris for innsatsen som førte fram til TPNW, FN-traktaten som forbyr atomvåpen. Det gjeld ikkje bare bruk, men også produksjon og lagring. Då 50 land hadde ratifisert avtalen, vart den internasjonale lov 22. januar 2021. I dag har 93 land signert og 70 land ratifisert avtalen.

SIPRI (Fredsforskningsinstituttet i Stockholm) opplyser i årboka for 2023 at dei ni atom-maktene hadde 12512 atomvåpen (warheads) i 2022. Russland og USA stod for omlag 90%. Ein ICAN-rapport frå 2023 opplyser at i 2022 brukte dei ni atomvåpen-statane 82,9 milliardar dollar på atomvåpen, meir enn 157 000 dollar pr. minutt. USA brukte meir enn alle dei andre til saman, 43,7 milliardar. Russland brukte 19,6 milliardar dollar og Kina 11,7 milliardar dollar. Selskapa som produserer slike våpen, t.d Boeing og Lockheed Martin, brukte 113 millionar dollar til å påverka styresmaktene i USA og Frankrike (lobbying). Både private selskap, statar og alliansar gir støtte til såkalla tenke-tankar som «framsnakkar» atomvåpen. I 2022 utgjorde slik støtte 21-36 millionar dollar. «Det militær-industrielle kompleks» har altså stor makt også når det gjeld atomvåpen.

ICAN skriv at TPNW er det multilaterale svaret på den uansvarlege oppførselen til atomvåpenstatane. Heldigvis ser TPNW ut til å ha ein «oppdragande» effekt, og Ukraina-krigen, med fare for bruk av atom-våpen, har fått ein del til å tenkja nytt når det gjeld doktrinen om atomvåpen-avskrekking. Dette viser seg i endringar når det gjeld bankar og finansinstitusjonar sine investeringar i denne industrien. ICAN har fylgt med på dette i fleire år, og har sett investeringslysta minka. I 2022 hadde dei ei liste på 55 institusjonar som hadde trekt seg heilt frå slike investeringar, og ei liste på 54 institusjonar som hadde trekt seg nesten heilt ut. ICAN planlegg ein stor kampanje i juni.

27. november – 1. desember 2023 deltok 94 statar på «statspartsmøte» i FN, for å sikra framgang for TPNW. Der deltok statane som har ratifisert traktaten. Også 122 sivilsamfunns-organisasjonar deltok og «parlamentarikarar mot atomvåpen». I ei erklæring frå møtet avviser dei «normalisering av atomvåpen-retorikk» og avskrekkings-doktrinen. Den gjer ikkje menneska trygge. Trusselen om masseøydelegging er ei feilslått og uakseptabel tilnærming til sikkerheit.

Norge deltok som observatør på dette møtet, men talar med to tunger. I 2013 arrangerte Norge ein konferanse om humanitære konsekvensar av atomvåpen-bruk. Konferansen var noko av bakgrunnen for at ICAN vart stifta. Men Norge støttar NATOs avskrekkings-politikk. Fleire norske parti vil slutta seg til TPNW, men ikkje «styringspartia» AP og H. Dei bør ta på alvor den eksistensielle trusselen atomvåpena representerer og høyra nøye på dei 55 topp-politikarane som i 2022 kom med eit opprop

mot atomvåpen. Blant dei var m.a. to tidlegare NATO-sjefar, Solana og Claes, og tidlegare statsminister Kjell Magne Bondevik.

På neste «statspartsmøte» bør Norge vera deltakar, ikkje bare observatør.
IKFF ber om svar på kva som skal til for at Norge skal slutte seg til forbudet.